



Program for Masfjorden Venstre

for perioden 2015-2019



Verdiskaping for framtida.

Masfjorden har ein variert og vakker natur som gjev alle høve til gode opplevingar. Kommunen har i dag gode oppvekstvilkår for barn og unge og ei femstjerners eldreomsorg.

Venstre vil:

- ✓ Venstre vil i komande periode arbeida aktivt for å vidareutvikla dei gode lokalsamfunna me har i Masfjorden, og for å sikra at me også i framtida kan oppretthalda og vidareutvikla dei gode tilboda me har.
- ✓ Venstre vil arbeida for ei positiv folketalsutvikling i Masfjorden, og vil difor satsa på infrastruktur, næringsutvikling, miljø og kultur.
- ✓ Venstre set enkeltmennesket i fokus og arbeider for at alle skal få nytta evnene sine til beste for seg sjølve og samfunnet.

Offentleg tenestetilbod

Masfjorden kommune er som mange andre kommunar inne i reformprosess der ein ser på korleis ein kan gje endå betre tilbod til innbyggjarane, både på kvalitet og kompetanse.

- ✓ Eit godt utvikla offentleg tenestetilbod er avgjerande for at både noverande og nye innbyggjarar skal trivast i Masfjorden
- ✓ Venstre vil arbeida for å samlokalisera politiet, legetenester og dei sosiale tenestene på Hosteland.



Skule

Venstre vil arbeida for å sikra at det er god kompetanse i skulane vår, også i framtida.

Venstre vil:

- ✓ Gjennom å satsa på rekruttering, vidareutdanning, og rett fagkompetanse på rett plass vil me vera i stand til å kunna gje våre elevar ei fullgod grunnutdanning, også i framtida. Venstre vil også opna for å sjå på endringar i skulestrukturen for å oppnå desse måla.
- ✓ Venstre vil ha tidleg innsats der elevar får tilpassa undervisning og opplæring. Dette sikrar elevane like moglegheiter, gjev varig verknad og reduserer fråfall på vidaregåande skular.

Infrastruktur

Betre kommunikasjonar er nødvendig for innbyggjarar og næringsliv.

Venstre meiner det må satsast meir på utbygging av breiband og betre mobildekning i Masfjorden.

Dette er viktig både for næringsutvikling og for innbyggjarane våre.

- ✓ Venstre vil prioritera å bruka kommunale midlar på utbygging av breiband og betre mobildekning.
- ✓ Venstre vil halda fram arbeidet for å realisera Masfjordsambandet og få utbetra fylkesveg 570.

Ei kortare reisetid både nordover og sørover, kan vera avgjerande for at folk skal velja å busetja seg i kommunen, sjølv om dei ikkje har arbeidet sitt her.

- ✓ Venstre vil arbeida mot sentrale myndigheiter for å få utbetra vegdekket og redusera rasfaren langs vegane i kommunen.

Næringsliv

Næringsutvikling som skapar nye arbeidsplassar og sikrar dei eksisterande, er viktig for å skapa folketalsvekst i kommunen.

- ✓ Venstre meiner at enkeltmennesket er svært viktig for ei framleis positiv utvikling i Masfjorden og vil støtta opp under enkeltpersonar som vil satsa på næringsutvikling eller busetja seg her
- ✓ Venstre meiner kommunen må ha ei aktiv rolle som tilretteleggar og støttespelar for dei som vil satsa i Masfjorden.

Masfjorden treng fleire og meir varierte arbeidsplassar.

- ✓ Venstre vil arbeida for å sikra meir tilgjengeleg næringsareal i alle delar av kommunen. Samfunnsinteressene må gå framfor private interesser.
- ✓ Venstre meiner Masfjorden må bli betre på ulike former for marknadsføring. Kommunen må bli meir aktiv på sosiale medium for å tiltrekka seg nye innbyggjarar og næringsaktørar.

Ta grøne val

Miljø

Kommunen og innbyggjarane har saman eit ansvar for miljøet vårt.


Venstre vil:

- ✓ Venstre vil ta vare på naturen og friluftsområda våre for framtidige generasjonar.
- ✓ Venstre meiner at kommunen må ta i bruk miljøvennlege løysingar der ein sparar energi og reduserar belastninga på klimaet. Dette vil også vera økonomisk gunstig for kommunen.
- ✓ Venstre vil arbeida for å sikra fjordane våre mot forureining. For å greia dette, må Masfjorden arbeida tett med nabokommunane for å hindra forureining av Fensfjordbassenget.
- ✓ Venstre ønskjer å etablera ein miljøstasjon for innlevering av avfall på Hosteland.

Rømd oppdrettslaks er ein trugsel mot ville laksestammar. I tillegg kan fiskeoppdrett medføre utfordringar med parasittar, sjukdomar og lus for villfisk.

Venstre vil:

- ✓ Venstre vil setja strenge krav til oppdrettsnæringa slik at lus, rømming og næringslekkasje til naturlige økosystemer vert begrensa.





Kultur

Eit godt kulturtilbod fører til levande lokalsamfunn og er viktig for folkehelsa. Venstre er stolte over kulturlivet og det frivillege lagsarbeidet i Masfjorden.


Venstre vil:

- ✓ Venstre vil ta vare på og støtta opp under engasjerte innbyggjarar som ønskjer å bidra til kulturlivet
- ✓ Venstre vil oppretthalda den velfungerande kulturskulen og det gode bibliotektilbodet i kommunen.
- ✓ Venstre meiner at fysisk aktivitet og førebyggjande helsearbeid må styrkast for innbyggjarar i alle aldersgrupper. Idrettsskulen er eit viktig lågterskultilbod for elevane i Masfjorden.

Venstres kandidatar i Masfjorden



1. Egil Kvingedal f. 1967
5981 Masfjordnes



2. Øystein Bolset Strand f.1989
5981 Masfjordnes



3. Per Einar Langhelle f.1979
5981 Masfjordnes



4. Tove Kristin Sleire Tistel f. 1971
5986 Hosteland



5. Marianne Ulvatn f.1971
5986 Hosteland

6. Magnar Ulvatn f.1945
5986 Hosteland

7. Kristian Kvinge f. 1990
5981 Masfjordnes

8. Britt Elisabeth Nordland f.1966
5981 Masfjordnes

9. Ingunn Haugsdal f.1958
5981 Masfjordnes

10. Jarle Haugsvær f.1964
5981 Masfjordnes

11. Frode Haugsvær f.1966
5981 Masfjordnes

12. Ivar Holmaas f. 1964
5981 Masfjordnes

www.venstre.no/lokal/hordaland/masfjorden



VENSTRE

Foto: